



Composite consulting AS
Att. Olav Magne Kvamme
Breistølen 10 a
5034 BERGEN

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar – tlf.	Arkivkode	Dato
	2009/501 - 14228/2009	Larissa Dahl - 56 37 56 37	177/13	22.06.2009

Delegert sak

Løyve til tiltak - Vedlikehald og utsleppsløyve gbnr. 177/13 Nesse

Vi viser til søknad om løyve til tiltak, motteke 17.03.09 og tilleggsopplysningar datert 10.06.09 og vedlagt:

- situasjonsplanar
- søknad om lokal godkjenning av føretak
- søknad om ansvarsrett
- kvittering for sende/mottekne nabovarsel
- Samtykke

Søknad om utsleppsløyve , motteken 17.03.09 og vedlagt:

Saksutgreiing/Vurdering

Søknaden gjeld vesentleg vedlikehald av bustad på Nesse, Seim og utsleppsløyve. Vesentleg reparasjon, innsetjing av nye vindaug og dør er søknadspliktig tiltak i følgje PBL § 93b.

Nabomerknad.

Det ligg ikkje føre merknad frå nabo/gjenbuar.

Privat vassforsyning.

Det er i søknaden opplyst om at tiltaket ikkje er knytt til offentleg vassverk. I samsvar med Pbl§65, er det sett krav om at eigedomen har tilfredsstillande tilgang til hygienisk trygt - og tilstrekkeleg drikkevatn. Det må verte lagt fram dokumentasjon på at drikkevatnet er tilfredsstillande hygienisk trygt - og tilstrekkeleg i samsvar med Pbl§65., før det vert gjeve bruksløyve.

Gebyr.

Sakshandsamingsgebyr vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

C3.3. Søknadspliktige tiltak (Pbl§93)	
Basisgebyr. Tiltakskl.1. Første bueining	11.400,-